

Regional strategi for forskning  
og innovasjon 2024–2030

Framover.  
Saman.



## INNHALD

Om strategien .....	5
Visjon.....	7
Delmål og innsatsområde .....	9
Delmål .....	13
A. Samarbeid med pasientar og pårørande.....	14
B. Ein lærande og berekraftig helseteneste .....	16
C. Forskning som underbyggjer heile verksemda til spesialisthelsetenesta .....	18
D. Innovasjon for ei smartare helseteneste .....	20
E. Helseforskning som varetek tryggleiken, rettane og integriteten til pasienten.....	22
F. Kommunikasjon og samarbeid .....	24

# Målet for strategien er å styrkje vår felles kunnskap og verdiskaping til beste for pasientane



## OM STRATEGIEN

Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest har for perioden frå 2024 til 2030 etablert ein ny strategi for samarbeid om helseforskning og innovasjon mellom sjukehus, universitet og høgskular

Strategien har som mål å styrkje den felles kunnskapen og verdiskapinga vår til beste for pasientane.

Strategien komplementerer institusjonane sine eigne strategiar og gjeld for grenseflata mellom dei to sektorane institusjonane representerer. Sjølv om samfunnsoppdraga i helsesektoren og universitets- og høgskulesektoren er ulike, er det avgjerande at institusjonane innanfor samhandlingsområda har ein felles visjon for kvalitet i pasientbehandlinga, vidareutvikling av dei felles fagmiljøa våre, ressursplanlegging og berekraft.

Strategien er forankra i samarbeidsorganet og vedteken i styret i Helse Vest RHF. Han er utarbeidd som nedfelt i Rammeavtale mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane i helseregion vest og er i tråd med Regional utviklingsplan for Helse Vest 2023–2035.

Det skal vere  
gjennomgåande  
fokus på kvalitet,  
etikk og integritet



## VISJON

Det regionale samarbeidsorganet for forskning og innovasjon har ei viktig strategisk rolle i å styrkje samarbeidet på tvers av sektorane. Sjukehusa i Helse Vest er knytte tett saman gjennom gode samarbeidsrelasjonar, regionale fagnettverk og ein felles digital infrastruktur for diagnostikk og behandling av pasientar. Dette gjer det enkelt for sjukehusa i Helse Vest å samarbeide om både pasientbehandling, klinisk forskning og innovasjon. Vidare er det eit godt samarbeid om forskning og utdanning særleg mellom sjukehus og universitet/høgskular som deler campus. Målet for strategien er tettare samarbeid om forskning og innovasjon i heile region vest for i fellesskap å bidra til ny kunnskap og verdiskaping til beste for pasientane og med gjennomgåande fokus på kvalitet, etikk og integritet. Felles forskingsgrupper er sjølve kjernen i dette samarbeidet.

Den felles visjonen vår for inneverande strategiperiode 2024–2030 er derfor: Framover. Saman.



# DELMÅL OG INNSATSOMRÅDE

••• FOTO: iSTOCK

Strategien er utarbeidd i ei tid der det er mogleg å tilby effektiv helsehjelp for mange tilstandar som tidlegare var livstruande. Mange pasientar lever lenger og ofte med fleire samtidige kroniske sjukdommar. Behandlingstilbodet er eit direkte resultat av helseforskning i breitt, frå basal- og translasjonsforskning til forskning på nye diagnostiske og kliniske behandlingsmetodar, -utstyr og -prosedyrar. Helseforskning omfattar óg paraklinisk forskning, epidemiologisk forskning og helsetenesteforskning.



Forskning har gjort dei underliggjande årsaks-samanhengane og mekanismane som kontrollerer sjukdomsutvikling, betre forstått, noko som påverkar råd om førebygging, behandling og korleis pasientar og pårørande kan leve best mogleg med sjukdom. Sentralt er samarbeidet med pasientar og pårørande, og behovet for å tilpasse behandling og oppfølging til kvar enkelt.

Samtidig som oppgåvene i helsetenestene aukar, er det vanskelegare å sikre ein berekraftig auke i rekrutteringa av yrkesaktive til helsetenesta. Innovasjonar som forenkler, forbetrar og effektiviserer tenesta, må utviklast, implementerast og delast. For samarbeidsorganet for forskning og innovasjon er det særleg innovative løysingar eller prosessar med utspring i forskning, eller der forskingsmetodikk er sentralt i utviklinga eller evalueringa av innovasjonen, som er i fokus i inneverande strategiperiode. Dette bidreg til intelligente tenester, produkt som imøtekjem behova i tenesta, og profesjonelt utviklingssamarbeid med leverandørar og andre.

Institusjonane i samarbeidsorganet er solide kunnskapsbedrifter, og for alle sjukehusa våre er det kompetansen til dei tilsette som definerer kvaliteten i tenesta. Forskings- og innovasjonsaktivitet bidreg til at dei kan behalde og utvikle denne kompetansen. Samtidig blir det skapt spennande fagleg utfordrande arbeidsplassar og gode karrieremoglegheiter.

Fagmiljøa må kontinuerleg bidra til, og lære av, den internasjonale kunnskapsfronten, der grunnforskning og klinisk forskning styrkjer kvarandre gjensidig. Det skal gjennom gode organisatoriske, regulatoriske og teknologiske grep leggjast betre til rette for forskning og innovasjon. Det skal bli enklare for pasientar å delta i kliniske studiar i alle sjukehus. Samtidig aukar kompleksiteten og behovet for tydelege avklaringar av roller, ansvar og ressursar i forskingsprosjekt og kliniske studiar. Gode strukturar skal sikre at ein varetek både rettane, tryggleiken og integriteten til pasientane, og dermed bidra til å skape tillit hos deltakarar og samarbeidspartnarar.

Strategien er utarbeidd i ei tid der institusjonane i samarbeidsorganet konkurrerer om forskingsmidlane som blir lyste ut, og systemet for forskingsfinansiering både nasjonalt og internasjonalt er utfordra gjennom strammare økonomiske rammor og færre opne utlysingar. Samtidig har behovet for å løyse oppgåver i fellesskap blitt tydelegare, til dømes i felles regional utvikling av konkrete fagområde og strategisk samarbeid i nasjonale og internasjonale forum. Regionen er stor nok til å vere høgteknologisk godt utrusta og har klart å etablere fleire internasjonalt anerkjende fagmiljø innanfor helse. Samtidig er regionen liten nok til at fagmiljø og institusjonar er vovne tett saman. I kommande strategiperiode skal desse relasjonane utviklast vidare.


## For strategiperioden vil vi prioritere tiltak som

- målretta når **forskningsgruppene våre**, der størsteparten av den felles tverrfaglege forskings- og innovasjonsaktiviteten vår allereie skjer. Dette inkluderer tiltak for å oppnå tverrinstitusjonell harmonisering av retningslinjer og samarbeidsavtalar for å sikre saumlaust samarbeid og god kommunikasjon i regionen.
- legg til rette for innovative prosessar og løysingar som **effektiviserer og forenkler** tenesta, reduserer kompetansegap eller opnar for nye metodar for betre involvering av pasientar og pårørande.
- legg vekt på auka **internasjonalisering** – fagleg og strategisk – for å sikre høg kvalitet i fagleg utvikling og dessutan auka deltaking i europeiske prosessar, utvikling og modellar for finansiering av forskning og innovasjon.

Med strategien følgjer óg ein **Handlingsplan 2024–2030** med konkretisering av tiltak. Handlingsplanen skal reviderast årleg av samarbeidsorganet for forskning og innovasjon.



# DELMÅL



## Delmål A

### SAMARBEID MED PASIENTAR OG PÅRØRANDE

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** ønsker vi å invitere pasientar og pårørende til å delta aktivt i planlegging, gjennomføring og evaluering av forskingsprosjekt og innovative prosessar i helsevesenet. Brukarmedverknad er nødvendig for at vi skal forstå perspektiva til pasientar, pårørende og helsepersonell. Det hjelper oss med å formulere nye spørsmål, gjensidig avklare forventningar til tenestene og sikre at befolkninga og kvar enkelt bidreg til å fremje god helse. Samarbeidsorganet vil arbeide for å oppnå god brukarmedverknad i saksbehandling og avgjerder.

Målet er å skape eit samarbeidsmiljø der helsepersonell, forskarar og befolkninga saman kan bidra til forskning og innovasjon som betrar og effektiviserer helsehjelpa. Vi ønsker å oppnå gode forløp frå symptom til diagnose og frå behandling til rehabilitering.



Foto: DC Studio, Envato

#### Dei felles innsatsområda våre:

1. Samarbeide om **kompetansehevande tiltak** retta mot forskarar, helsepersonell, leiarar og brukarutval for å lære korleis ein best kan implementere brukarmedverknad i helseforskning.
2. Arbeid for å **styrkje brukarmedverknad** ved å sikre at bidraget til brukarane blir integrert i fleire fasar av prosjekta. Dette inkluderer ein tettare dialog med brukarutval og utforskning av innovative tilnærmingar for å sikre breiare representasjon.
3. Bidra til meir **brukarvennleg formidling** av innhald, inklusjons- og eksklusjonskriterium i kliniske studiar.





## Delmål B

### EI LÆRANDE OG BEREKRAFTIG HELSETENESTE

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** er ambisjonen å bidra til å utvikle ei lærande, berekraftig helseteneste som gjennom forskning og innovasjon gjer sjukehusa berekraftige og skaper arbeidsplassar i regionen som er relevante, attraktive og rekrutterande. Samarbeidsorganet skal vere ein sentral arena for å drøfte strategiske prioriteringar og tiltak som er viktige for begge sektorar.

Målet er å stimulere til sterke felles forskingsgrupper som både bidreg til og dreg nytte av den internasjonale kunnskapsfronten. Den kritiske tenkinga som er ein integrert del av all forskning, vil hjelpe spesialisthelsetenesta med å prioritere formålstenlege behandlingar og med å utvikle tenester og behandlingar som ikkje gir dei ønskede resultatata, eller som ikkje oppfyller prioriteringskriteria for helsetenesta.



Foto: iStock

#### Dei felles innsatsområda våre:

1. Byggje ein **kultur for forskning og innovasjon** på alle nivå i organisasjonane inklusive å heve kompetansen om helseforsknings- og innovasjonsverksemd i leiinga ved alle einingar.
2. Styrke karrieremoglegheiter innan forskning og innovasjon for kombinerte stillingar.
3. Utvikle verkemiddel som bidreg til at resultat frå forskning og innovasjon blir **implementerte i klinisk praksis**. Dette inkluderer å utnytte potensialet i:
  - helseregister og biobankar, inkludert stordataanalysar og helsetenesteforskning
  - sanntidsdata i helsetenesta, inkludert beredskapsforskning
  - tverrfagleg kompetanse og gjenbruk av generiske metodar som kunstig intelligens
4. Bidra til **populærvitskapeleg formidling av forskning** for å bidra til engasjement om og tillit til forskning.



## Delmål C

# FORSKING SOM UNDERBYGGJER HEILE VERKSEMDA TIL SPESIALISTHELSETENESTA

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** skal forskning underbygge heile verksemda til helsetenesta. Vi har ambisjonar om å fremje forskning og innovasjon som styrker samhandling på tvers av fag og tenestenivå. Samarbeidsorganet skal brukast som dialogarena og foreslå tiltak som både stimulerer dei sterkaste fagmiljøa og fremjar den faglege breidda.

Målet vårt er å sikra ei omfattande fagleg utvikling av høg kvalitet der felles forskingsgrupper publiserer nasjonalt og internasjonalt. Intern og ekstern synleggjering av forskings- og innovasjonsaktivitetar er nødvendig for å sikre transparens og likeverdig tilgang til utprøvande behandling for pasientane i spesialisthelsetenesta og for å fremje ein saumlaus integrasjon av forskning i klinisk praksis.



Foto: National Cancer Institute, Unsplash

### Dei felles innsatsområda våre:

1. Leggje til rette for samarbeid innan helseforskning ved å:
  - auke talet på **kliniske behandlingsstudiar** i og på tvers av tenestenivå og sektorar og slik gi fleire pasientar i heile regionen høve til å delta i kliniske studiar.
  - styrkje **klinisk forskning** som byggjer på kunnskap frå grunnleggjande og translasjonell forskning.
  - fremje **helsetenesteforskning** i og på tvers av tenestenivå.
  - utforske bruken av **teknologi, studiedesign og stordataanalyse**, inkludert kunstig intelligens.
2. Vere brubyggjar for at **mindre fagmiljø** har høve til å kople seg til større fagmiljø i regionen gjennom felles forskingsgrupper.
3. Styrke konkurranseevna til regionen innan **internasjonal forskings- og innovasjonsfinansiering og dei faglege og strategiske engasjementa til regionen inn i europeiske prosessar og utvikling** gjennom systematisk og vedvarande bidrag til felles arrangement, deltaking i faglege nettverk, relasjonsbygging, mm.
4. **Synleggjere samarbeid og partnerskap** i fagleg og populær-vitskapleg formidling.



## Delmål D

# INNOVASJON FOR EI SMARTARE HELSETENESTE

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** har vi som mål å etablere samarbeid om gode innovasjonsprosessar som både effektivt identifiserer og fremjar dei mest lovande innovasjonane, men som òg evnar å avvise idear med avgrensa potensial i ein tidleg fase. Samarbeidsorganet vil fungere som ei plattform for dialog, der vi kan diskutere og prioritere tiltak som fremjar samarbeid om utvikling og spreing av innovasjonar.

Målet for dei prioriterte innovasjonane er å realisere gevinstar i form av betre helsehjelp for flest mogleg pasientar. Vi vil arbeide for harmonisering av institusjonane sin praksis når det gjeld insentiv for innovasjon, innovasjonsprosessar og immateriell rett. Dette vil bidra til ei meir effektiv og samanhengande tilnærming til innovasjon som vil gagne pasientane og samfunnet samla sett.



Foto: Iakobchuk Envato

### Dei felles innsatsområda våre

1. Leggje til rette for innovative løysingar som **effektiviserer og forenkler tenesta, forbetra diagnostikk, behandling, og tenesteforløp, reduserer kompetansesgap eller opnar for nye metodar for betre involvering av pasientar og pårørande.**
2. Leggje til rette for at forskingsprosjekt med **høgt innovasjonspotensial kan gå gjennom velstrukturerde innovasjonsløp** frå idéfase til bruk. Samtidig vil vi framme implementeringsforskning og evalueringsforskning med omsyn til effekt og nytte.
3. Aktivt arbeid for å fremje **openheit, kommunikasjon og spreing** av vellykka innovative løysingar.





## Delmål E

### HELSEFORSKING SOM VARETEK TRYGGLEIKEN, RETTANE OG INTEGRITETEN TIL PASIENTEN

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** er ambisjonen å sikre at det blir enklare for forskarar og klinikarar å vareta forskningsetikk, personvern og datatryggleik. Samarbeidsorganet skal brukast som arena for å drøfte og prioritere tiltak som kan redusere hindringar i og fremje samarbeid om forskning.

Målet er å bidra med felles retningslinjer og prosedyrar som er enkle å finne og følgje, og med internkontroll som sikrar at forskinga blir planlagt og gjennomført innanfor kliniske, forskningsetiske, juridiske og økonomiske rammer – dette for å gjere forskning enklare, tryggare og meir oversiktleg når fleire institusjonar i regionen er involverte.



Foto: Ravi Patel, Unsplash

#### Dei felles innsatsområda våre

1. Leggje til rette for **tverrinstitusjonell harmonisering** av praktiske retningslinjer som operasjonaliserer krava i helseforskningslova og anna relevant lovverk på ein klar måte.
2. Arbeid for at forskingsgrupper ved alle institusjonar i regionen får **likeverdige tilgang** til komplementære e-infrastrukturar, andre infrastrukturar og kjernefasilitetar der dette er mogleg.
3. Formidle **enkle gode oversikter** over gjeldande regulatoriske og praktiske rutinar til forskarar og leiarar.





## Delmål F

### KOMMUNIKASJON OG SAMARBEID

Gjennom den felles strategien vår om å gå **Framover. Saman.** er ambisjonen vår å samarbeide og komplementere kvarandre samtidig som vi styrker den samla deltakinga vår på nasjonale og internasjonale arenaer gjennom informasjonsdeling, strategisk planlegging og felles saksførebuingar. Samarbeidsorganet skal brukast som arena for å drøfte saker som er viktige for samarbeidet i regionen, og for å koordinere tilbakemeldingar frå regionen når det er formålstenleg.

Målet er å kunne snakke med «ei felles stemme» som speglar det sterke samarbeidet og det samla fagmiljøet i regionen. Sjølv om institusjonane kan ha ulike syn på enkeltsaker, vil felles tilbakemeldingar kunne gi ein meir nyansert representasjon inn i nasjonale og internasjonale spørsmål. Verkemidla er å leggje til rette for openheit og gode diskusjonar i Samarbeidsorganet, å etablere grenseflater for samarbeid og gjensidig informasjonsutveksling og dessutan å arbeide for målretta og raska avklaringar. Eit særleg fokus vil vere på å styrkje innverknaden og representasjonen vår i nasjonale og europeiske initiativ og prosessar.




Foto: Gettyimages

#### Dei felles innsatsområda våre

1. Arbeid for **openheit** mellom anna ved å dele to-partsavtaler mellom institusjonane i regionen.
2. Forsterke innsatsen for å sikre likeverdige regionale samarbeid ved å arbeide for gode **samarbeidsavtalar som legg til rette for god informasjonsflyt og inkluderande samarbeid** spesielt når det gjeld utarbeiding av søknader og viktige avgjerder.
3. Styrke **kommunikasjon og koordinering mellom institusjonane** i innspel til saker, høyringar mm.



